

Klart for bokslepp:

# Nytt storverk om Oselvaren

Oselvaren er Noregs nasjonalbåt og vart i 2015 nominert til UNESCO-lista for gode vernepraksisar. Denne veka er det bokslepp for Skald forlag og Oselvarklubbens storverk «Oselvar – den levande båten».

**JOSTEIN HALLAND**  
jostein@osogfusa.no

- Noko av nøkkelen til at Oselvaren framleis er så aktuell heng saman med at båttypen, både for årer, segl og motor, har alle dei kvalitetane nymotens båtbrosjyrar lovprisar, seier Kjell Magnus Økland, forfattar av boka, i ei pressemelding.

Boka vert trykt i 3.000 eksemplar. Torsdag vert det bokslepp i ferja Showtime ved Torget i Bergen. Laurdag inviterer Oselvarklubben til utstilling av båtar, føredrag og boksal i kommunestyresalen i rådhuset i Os. Søndag vert det tilsvarande opplegg i Båthallen på Hordamuseet på Stend i Fana.

## Nær tre kilo tung

Skald forlag skriv i pressemeldinga for boksleppet at forfattar Kjell Magnus Økland har hatt god støtte undervegs frå Oselvarklubbens bokkomite; Finn Totland, Kjell Milde, Kjell Totland og Helge Kaurin Nilssen. Hallgeir Forstrønen Bjørnevik har teikna nærare 100 illustrasjonar spesielt for boka og Sverre Mo har laga kart og figurar.

- Vidare har ei lang rekkje miljø innan båtbygging, seglforeiningar, kystlag, roklubbar, historielag, museum, arkiv og enkeltpersonar bidrege med bilete, stoff og opplysningar. Verket er Skald si tyngste bok til no på nær tre kilo, opplyser forlaget.


Mykje av stoffet har ikkje tidlegare vore publisert. Boka inneheld tekst, gamle og nye fotografi, tabellar, kart, figurar og teikningar. Vidare rommar boka folkloristisk stoff og ei rekkje element kring immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap.

## Frå mann til mann

Båtbygging har vore svært sentralt som næringsveg i Os. I den nye boka finn lesaren eit stamtre som viser i detalj korleis kunnskapen om byggjekunsten har vandra frå mann til mann gjennom fleire hundre år.

- Den tradisjonelle klinkbygde trebåten har vore i bruk i mange hundre år langs den sørvestlandske kyststripa, og båttypen har røter fleire tusen år attende. Oselvar-omgrepet stammar frå Oselva der Jørgen og Lars Tøsdal sto i kvar sitt naust kring midten av 1700-talet, heiter i pressemeldinga frå forlaget.

Båten har vore mest vanleg som bruksbåt frå Ryvarden i sør til Sognefjorden i nord, men ein finn døme på bruk langs heile norskekysten, på Shetland og på Orknøyane. Oselvaren har i tillegg vore nytta som sportsbåt heilt i frå 1800-talet, og er i dag framleis nytta som fritidsbåt.



Boka vert trykt i 3.000 eksemplar. Torsdag vert det bokslepp i ferja Showtime ved Torget i Bergen. Laurdag inviterer Oselvarklubben til utstilling av båtar, føredrag og boksal i kommunestyresalen i rådhuset i Os.

- Oselvaren er sjødyktig, trallbar, lett-handterleg, turvenleg og fleksibel. Med nokolunde stell varer båtene svært lenge, og same båten kan gje nær-sjødnn-opplevingar til både to, tre og fire generasjonar

båtbrukarar. Det må jo vera ei fornuftig investering i livskvalitet, seier forfattar Kjell Magnus Økland.

## Din eigen, vesle fjellhage

Måndag er det årsmøte i Fusa hagelag. Etter at årsmøtedelen er unnagjort, får vi besøk av Tor Jan Ropeid. Han vil læra oss litt om korleis vi kan laga vår eigen, vesle fjellhage.

Han vil ta for seg oppbygging og stell av fjellhagen, og visa oss korleis vi kan laga vakre, små naturlandskap ved hjelp av fjellplanter og stein.

Ropeid er ein erfaren føredragshaldar med store kunnskapsr om hage og hageleder.

Du treng ikkje vera medlem i hagelaget for å få med deg dette spennande foredraget!

Alle er hjarteleg velkomne!  
Sjå annonse i avisa.

**Magni Mjånes**  
Fusa Hagelag



## Bjødna-fjord-posten?

Med komande kommunesamanslåing er det vel fare for at lokalavisa også vil byta namn, skriv Inge Hjertaas i ein epost til avisa, og legg ved dette passende diktet, skrivne til ein FRI-TIO-revy i 2002.

### Os&Fusaposten

Osofufusaposten  
ufsofufusaposten  
pustogpesaposten  
postifusaosten  
sosakoppiposten  
fusaposteiosten  
fusentastiposten  
vinduspostiosen  
postiosafusen  
dagjekkskeisiosen  
fusafeisiosen

**Inge Hjertaas**